

NYHETER

Festival Musikk

I år ville Ranglerock nå breiare ut

► Ranglerock er festivalen for dei som vil oppdagre ny musikk **eller nyte kombinasjonen farse og øl**. I år forsøkte festivalen å nå breiare ut.

BRYNE

– Vi ønsker å utfordre publikum og booka difor ein del band som ikkje er så kjende enda. Dette er festivalen for dei som vil oppdagre ny musikk. Vi har eit lojalt publikum som møter opp same kva vi har på plakaten, seier festivalsjef for Ranglerock, Iselin Grayston.

Tidleg laurdag kveld er det gamle Øllageret til Vaaland 1889 på Bryne halvfullt. Til lyden av cello, violin og gitar, det vil seie Erlend Viken Trio, står folk heilt i ro og nippar til øl.

Ute sit Anette Gunstensen og Kristian Vatne. Dei skulle møte tidleg for å sjå første artist ut, Silja Sol, men rakk det berre nesten.

– Bortsett frå Bob Hund kjenner vi ikkje til dei andre som spelar, men vi trur det kan bli bra. Det er kjekt å oppdagre ny musikk, seier Gunstensen.

Marith Hildal, Berit Haga Vikanes, Ranghild Grødem har ein bobil parkert på ein parke-

ringsplass utanfor festivalområdet.

– Vi var her i 2009 og 2010 og då òg kom vi i bobil. Dette er eit slags festivalreunion for oss, seier Berit Haga Vikanes.

– Det fine med festivalen er at ein kan stå heilt framme med scena og etter konserten går artistane rundt ute med alle dei andre. Det er så intimt, seier ho.

Då festivalen flytta frå scena på Bryne Mølle til øllageret for eit par år sidan, dobla kapasiteten seg frå 280 til 600. Dette er det 16. året for festivalen.

– Ranglerock har blitt mykje større siste åra. Vi går litt breiare ut enn vi gjorde tidlegare, med fleire sjangrar, seier festivalsjef Grayston.

– I fjor var det færre besøkande enn vi hadde venta, men då var vi i ei innkjøringsfase etter å ha skifta lokale. I år hamna vi på nesten 600 besøkande, seier ho.

BIRGITTE FLOTE
birgitte.flete@aftenbladet.no



– Farsen var god, den. Eg er siddis, så eg er ikkje så vand med det. Det er berre her eg et det, seier Siv Bjelland, til venstre. Her sit ho med Carina Balle og Mads Liabøl. FOTO: CARINA JOHANSEN

Smart påfyll hver måned

Nr 07 / 2017 / JULI + AUGUST / Kr 69
70 år siden Indias deling: Det britiske imperiets svik

140 sider smart lesestoff i solen

Aftenposten innsikt

BAKGRUND, VITEN & MENINGER

RUSSISK SOMMER PÅ KRIM

50°C i Djibouti: Slik takler de varmen

Lus, laks og rensefisk: En dyrevelferdsmessig umulighet

Det mesopelagiske havdyptet: Fra CO₂-svamp til mattat?

Putin: Ideologisk forbilde for verdens nasjonalister

Kunsten fra nazitiden: Banal og brysom

Ti filmer om det fascinerende blå

10 1184 07 Has/Hem
7 022006 511982
aftenposteninnsikt.no

Bli abonnent!

**6 utg.
kun kr 319,-**

Du sparar kr 95,-*. Send sms INN6 til 1905.

**11 utg.
kun kr 499,-**

Du sparar kr 260,-*. Send sms INN11 til 1905.

Gaveabonnement kan bestilles på **aftenposteninnsikt.no**.
PS! Digital tilgang er inkludert i abonnementet.

* I forhold til pris i butikk.

**Aftenposten
innsikt**

Politikk
Samfunn
Miljø
Teknologi
Kultur



Politikk
Samfunn
Miljø
Teknologi
Kultur